



Kjell Arne Bjørnestad
Bjørnestadvegen 316
5918 FREKHAUG

Dato: 23.10.2018
Vår ref.: 2018/9625-9
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Varsel til grunneigarar om arkeologisk registrering med gravemaskin - reguleringsplan for utviding av Meland gravplass - Meland kommune

Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren viser til oppstart av reguleringsplan for utviding av Meland gravplass i Meland kommune, datert 19.03.2018. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i planområdet, jf. § 9 i kulturminnelova. Arbeidet vil verte utført av Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune som regionalt kulturminnemynde.

Målet med registreringa er å få kartlagt om det er automatisk freda kulturminne som til no ikkje er kjende i planområdet. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre arkeologiske undersøkingar med gravemaskin på delar av gnr. 16, bnr. 2, 5 og 37 og gnr. 17, bnr. 3 og 14 (sjå kart under) i veke 44-45. I andre delar av planområdet vert undersøkingar utført ved søk etter synlege kulturminne.

Registreringa vert utført med maskinell flateavdekking i søkesjakter på om lag 3 meter breidd. Lengd, djupn og avstand mellom sjaktene kan variere avhengig av lokal topografi, funnsituasjon og undergrunn. Lengd på sjaktene kan variere frå om lag 10 meter eller mindre og opptil 50-60 meter eller meir. Avstand mellom sjaktene varierer vanlegvis mellom 8 og 15 meter. Djupn på dei einskilde sjaktene er avhengig av kor mykje masse som må fjernast for å kome ned til steril undergrunn.

All jordmasse skal først tilbake i sjaktene etter at naudsynt dokumentasjon er utført. Så langt det er praktisk mogeleg vert attfylling utført fortløpende, der djupe sjakter vert prioritert. Matjord som er fjernt i sjaktene vert ført tilbake, men areal som er grave opp vert ikkje sådd på nytt. Tiltakshavar, Meland kommune, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom areal vert pakta bort, eller det er andre brukarar av arealet som vert råka av undersøkingane våre, ber vi om at grunneigar orienterer desse. Før gjennomføring av maskinelle undersøkingar vil ein innhente opplysningar om nedgravne anlegg i dei aktuelle areaala frå eigrarar av slike. Dersom du har kjennskap til nedgravne kablar, røyr og grøfter på din eigendom ber vi deg om å ta kontakt med oss, slik at vi kan legge undersøkingane utanom desse.

Ved spørsmål eller merknader til ovanfor nemnde er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren v/ sakshandsamar Sigrun Wølstad, tlf. 99 23 37 71, Sigrun.Wolstad@hfk.no eller fagkoordinator for arkeologisk feltarbeid Monika Serafinska, tlf. 48 99 12 97, Monika.Serafinska@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Meland kommune
ASPLAN VIAK AS



